

KONTROLLUTVALET I ÅLESUND KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 15.01.2020, kl.14.00
Møtestad: Ålesund rådhus, møterom 470.

Møtet vart leia av Bente Bruun.

Elles til stades:

Kåre A. Hanken, Terri-Ann Senior, Jannicke S. Strømmen og Terje Devold (vara).

Meldt forfall: Knut Helge Vestre

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsansvarleg revisor Anne Nygård og forvaltningsrevisor Svein Ove Otterlei.

Frå Ålesund kommune møtte ordførar Eva Vinje Aurdal og rådmann Astrid Eidsvik i byrjinga av møtet.

SAK 01/20 MELDINGAR

Melding nr. 1 - Status vedkomande hamnevesenet og reguleringarbeidet i Skutvika.

Ålesund kontrollutval tek samrøystes meldinga til vitande.

På kontrollutvalet sitt neste møte torsdag 19. mars ønskjer utvalet ei orientering frå rådmann på kommunen sine rutinar knytt til «varsling» som ikkje kjem under arbeidsmiljølova sine definisjonar.

**SAK 02/20 OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET. OVERSIKT
OVER SAKSTYPAR, ÅRSHJUL OG GENERELL INFORMASJON OM
ARBEIDET I KONTROLLUTVALET.**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 8. januar 2020.

Dagleg leiar Bjørn Tømmerdal ga ei orientering knytt til saka.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Ålesund kontrollutval tek orienteringa til vitande.

**SAK 03/20 RAPPORTERING TIL KONTROLLUTVALET –
ÅRSREKNESKAPEN 2019**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 8. januar 2020.

Oppdragsansvarleg revisor Anne Nygård gjekk gjennom ein presentasjon av utvalet sine oppgåver.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Ålesund kontrollutval tek orienteringa til vitande.

**SAK 04/20 STATUS OMKRING FORVALTNINGSREVISJON AV
INVESTERINGSBUDSJETT REF SAK 25/19**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 8. januar 2020.

Forvaltningsrevisor Svein Ove Otterlei ga kontrollutvalet ei statusoppdatering omkring forvaltningsrevisjonen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Ålesund kontrollutval tek oppdateringa til vitande.

SAK 05/20 MØTEPLAN 2020 FOR ÅLESUND KONTROLLUTVAL

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 8. januar 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

onsdag 15. januar, torsdag 19. mars, måndag 25. mai, måndag 24. august, onsdag 14. oktober, onsdag 9. desember,

Alle dagar kl. 14.00

Eventuelt:

Sekretariatet og leiar Bente Bruun fekk ansvar for å sjå nærare på ulike tema innan forvaltninga som kontrollutvalet kan ta opp på sine møter. Det kan være aktuelt å be nokon frå administrasjonen gje orienteringar og kontrollutvalet kan også besøke ulike kommunale verksemder.

Møtet var slutt kl. 16.15

Bente Bruun

leiar

(sign.)

Terri-Ann Senior

nestleiar

(sign.)

Kåre A. Hanken

medlem

(sign.)

Jannicke S. Strømmen

medlem

(sign.)

Terje Devold

varamedlem

(sign.)